

*Du kan ikkje gje born noko betre enn språk.
Mat er viktig, men ord er nødvendige.*
Erna Osland, barnebokforfattar

Til deg som
har born i
barnehagen



Gjennom ord blir verda stor

- kampanje for nynorsk i barnehagen

Alle born møter nynorsk i skulen, dei bør også få kjennskap til nynorsk tidleg i livet. Gjennom song, høgtlesing av bøker og lydbøker på nynorsk, kan foreldre, besteforeldre og andre vaksne leggje til rette for eit godt møte med nynorsken.

Mållaget er oppteke av at ungane over heile landet skal oppleve både nynorsk, bokmål, ulike dialektar i barnehagen og gjerne andre språk i tillegg. Born utviklar ei forståing for ulike språktradisjonar når dei vaksne er gode rollemodellar.

Du kan vere med å gjere det sjølvsagt at borna også møter nynorsk i barnehagen. Vi har laga ei lita sjekkliste for kva du kan spørje etter i barnehagen. Dei vaksne i barnehagen kan leggje til rette for språkstimulering ved å bruke bøker, språkleikar og songar aktivt.

Sjekkliste til barnehagen

- Lærer borna nokon songar på nynorsk?
- Lærer borna nynorske rim, regler, songleikar?
- Har barnehagen barnebøker på nynorsk?
- Omset dei tilsette barnebøker når dei les høgt?
- Kva språk bruker barnehagen i utoverretta informasjon?

Gode nettstader for vaksne og born

- Aktivitetssider: www.tunkatten.no/
- Bøker på nynorsk: www.blamannbok.no/
- Boktips: www.nynorskbok.no/
- Boktips og inspirasjon: www.nynorsksenteret.no/lesformeg

Vil du ha materiell til din barnehage eller meir informasjon? Tykkjer du dette er ei viktig sak? Bli gjerne medlem i Noregs Mållag. Send e-post til hege.lothe@nm.no, eller ring 23002930 eller sjå innom nettsida: **www.nm.no**



Mange røyster
– felles mål